

**Notat**Dato: 21.11.2017  
Arkivsak: 2017/4387-25  
Saksbehandlar: oysmons

---

**Til:** Kjetil Bø Omarstrand

---

**Frå:** Øystein Monsen

---

**Kulturminnefagleg innspel - andre gangs offentlig ettersyn av kommuneplanen sin arealdel - Samnanger**

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Vi viser til tidlegare kulturminnefagleg innspel i førebels administrativt fråsegn til kommuneplanens arealdel, Samnanger kommune datert 03.07.2017.

Det er positivt at generelle føresegner for kulturminne og kulturmiljø no er teke inn i planframlegget, jf. pkt 14, likeleis Riksantikvarens føresegner for Samnanger mellomalderkyrkjestad, pkt. 41.

I planområdet som er lagt ut til andre gangs offentlig ettersyn er det lagt inn følgjande to omsynssoner for kulturminne: H570\_1 Notaholmen og H570\_2 Treskoverkstad, begge kulturminne av høg regional og nasjonal verdi. I tidlegare fråsegn bad vi om at også Frøland og Grønsdal kraftverk vart sikra med kvar sin omsynssone. Dette er industrielle kulturminne av høg arkitektonisk og kulturhistorisk verdi. Vi kan ikkje sjå at det er lagt inn omsynssoner her, og minner om at dette vert gjort. Hordaland fylkeskommune kan gje råd om utforming og avgrensing av omsynssoner.

Vi ser at det er tatt med i føresegnene at tiltak i LNF - Spreidd område skal sendast til Hordaland fylkeskommune. Det vart òg bedt om at det i føresegnene skulle leggjast inn eit punkt om undersøkingsplikter, jamfør §9 i kulturminnelova.

Vi ber igjen om at følgjande vert teke med i dei generelle føresegnene: «Fylkeskommunen må ta atterhald om nye byggeområde i arealdelen i kommuneplanen, inntil § 9 i kulturminnelova er oppfylt for dei einskilde byggeareal, og tilhøvet til automatisk freda kulturminne er avklart»

Det må òg presiserast at i høve til automatisk freda kulturminne skal omsynssone H730 omfatte heile kulturminnet, inkludert 5 meter automatisk sikringssone.

Hordaland fylkeskommune har ingen vidare merknader til planen når det gjeld kulturminne.